

## **PROTOKOLL FRÅ KONTROLLKOMITEMØTE I HELSE VEST RHF**

Tid: Onsdag 7. november 2007, kl 17.15 – kl 19.15

Stad: Sola Strand Hotel, Sola

ø

**Møtet var ope for publikum og presse**

### **Saker:**

Sak 12/07 B Protokoll frå møte i kontrollkomiteen 05.09.2007

Sak 13/07 O Status revisjonsprosjekt

Sak 14/07 O Eventuelt

### Deltakarar frå kontrollkomiteen:

Svein Andersen

Helge Espelid

Reidun Korsvoll

### Deltakarar frå administrasjonen:

Ingen

### Sekretær for kontrollkomiteen:

Statsautorisert revisor Gunnar Hoff (ref.)

### Andre:

Bjørn Tungland, påtroppende internrevisor i Helse Vest RHF

**Kommentarar.**

Protokollen var på førehand distribuert på mail til komitemedlemmene.

**Vedtak (samrøystes):**

Kontrollkomiteen godkjenner protokollen frå møte 5.9.2007.

**Status revisjonsprosjekt**

Internrevisor orienterte om status på følgjande revisjonsprosjekt under arbeid, mellom anna føremål, metodisk tilnærming, aktivitetar, revisjonsressursar og framdriftsplan.

***Økonomistyringssystem***

Internrevisjonsprosjekt retta mot økonomistyring og tiltak for å sikre økonomisk balanse i helseføretaka.

Det vil bli fokusert på tre hovudområde med følgjande hovedproblemstillingar:

1. Ei kartlegging og vurdering av i kva grad helseføretaka har eit føremålstenleg økonomistyring.

- Korleis er økonomistyringa organisert?
- Korleis vert strategien for føretaka utarbeidd?
- I kva grad reflekterer måla dei strategiske føringane?
- Korleis føregår budsjetteringsprosessen?
- I kva grad gjev budsjettet føringar for aktivitetsmessige prioriteringar?
- Korleis vert økonomirapporteringa utført på dei ulike nivåa i føretaket?
- Korleis følgjer føretaka opp driftsaktivitetar?
- Korleis vert prognosar utarbeidd?
- I kva grad vert korrektive tiltak sett i verk når avvik vert identifisert?

2. Ei kartlegging og vurdering av controllarfunksjonen i føretaka.

- Korleis er controllarfunksjonen organisert i dei ulike føretaka?
- Korleis er controllarfunksjonen bemanna?
- Kva oppgåver, ansvar og mynde er tillagt controllarfunksjonen?
- I kva grad har controllarane tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å utøve god økonomistyring?
- Korleis vert controllarfunksjonen gjennomført?

3. Ei kartlegging og vurdering av innsparings- og omstillingstiltak som er satt i verk.

- Korleis vart innsparings- og omstillingstiltak identifisert og valt ut?
- I kva grad er innsparings- og omstillingstiltaka utgreia og planlagd?
- Korleis er innsparings- og omstillingstiltaka forankra hjå leiarar og medarbeidarar i dei aktuelle einingane?

- I kva grad er innsparings- og omstillingstiltak a gjennomført som planlagd?
- Kva effekt (tilsikta og utilsikta) har innsparings- og omstillingstiltaka hatt?

Revisjonsprosjektet vil bli gjennomført ved hjelp av spørjeundersøkingar, intervju med nøkkelpersonar ved einingane i føretaka, dokumentgjennomgang og testing av rutinar.

#### *Retningslinjer for bierverv*

Internrevisjonsprosjekt for å undersøka om helseforetaka følgjer opp regelverk og krav i føretaksprotokoll og styringsdokument frå Helse Vest RHF om bierverv.

Det er konkretisert følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:  
I kva grad:

- har føretaka prosedyrer og retningsliner knytt til bierverv?
- blir regelverk og retningsliner for bierverv etterlevd i føretaka?
- er prosedyrer og retningsliner for bierverv gjort kjend i føretaka?
- er det etablert registreringsordningar knytt til bierverv?
- er det etablert kontroll og oppfølgingsordningar knytt til bierverv?

Revisjonsprosjektet vil bli gjennomført ved hjelp av dokumentanalyse, intervju og testar av at etablerte prosedyrer vert gjennomført som beskrive.

#### Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen tar statusrapporteringa til orientering..

Sak 11/07 O

Eventuelt

#### **Seminar for kontrollkomitear og internrevisjonane i RHFa**

På oppmøding fra kontrollkomiteane i RHFa har internrevisjonsnettverket tatt initiativ til ei felles samling for kontrollkomiteane og internrevisorane i RHFa. Det har vært eit ønske å få HOD til å ta eit initiativ i saka, men dette har det ikkje lukkast å få til. Det er ei gjennomgåande oppfatning i kontrollkomiteane at det er ønskeleg med eit fellesmøte, og at ein legg opp til å gjennomføra møtet sjølv om HOD ikkje kan delta.

#### **Internrevisjonsplan for 2008**

Kontrollkomiteen drøfta praktiske og prinsipielle problemstillingar knytt til utarbeidning av internrevisjonsplan for 2008. Det er viktig at ny revisjonssjef, som tar til 2.1.2008, vert involvert i arbeidet med revisjonsplanen for 2008. Dette betyr at det vil vera realistisk å kunne leggja fram ein plan for godkjening i styret på møtet i mars 2008. Fram til den tid vil internrevisjonen sitt arbeid vera forankra i revisjonsplanen for 2007.

Gunnar Hoff  
Referent

Stavanger, 7. november 2007

---

Svein Andersen  
Leiar

---

Reidun Korsvoll

---

Helge Espelid